



Byggm Steinar Thunold AS
Sollsmittet 2
5136 MJØLKERÅEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2652 - 18/19388

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:
14.09.2018

Godkjenning - endring av plassering GBNR 23/528 tomannsbustad Frekhaug

Administrativt vedtak. Saknr: 236/2018

Tiltakshavar: Gripsgård eigedom AS
Ansvarleg søkjar: Byggmester Steinar Thunold AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

Tiltak:

Ansvarleg søkjar har på vegne av tiltakshavar søkt om løyve til endra plassering i samband med oppføring av tomannsbustad på gbnr. 23/528. Det vart gjeve midlertidig bruksløyve til tomannsbustad og da kom det fram at tiltakets plassering fråviker med 0,7-0,8 m mot nord frå tidligare godkjent plasseringa. Det vert vist til søknad om endring med vedlegg, journalført motteke 11.9.2018.

VURDERING:

Nabovarsling:

Omsøkt endring har ikkje vore nabovarsla i samsvar med pbl § 21 - 3 første ledd, men ettersom arbeidet ikkje, eller i lita grad, berører interessene til naboar, finn ikkje kommunen grunnlag for å krevje nabovarsling i dette tilfellet, jf. andre ledd.

Byggverkets høgd og plassering:

Det følgjer av pbl § 29-4 første ledd at byggverket si plassering, medrekna høgdeplassing, og byggverket si høgd skal godkjennast av kommunen.

På bakgrunn av vedlagte situasjonskart og oppmålingsdata kan kommunen godkjenne endra plassering, som omsøkt.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar og tiltaksklassifisering i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Ansvarleg i byggjesaker står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl § 23-1.

Ansvarleg søkjar skal samordne dei ansvarleg prosjekterande, utførande og kontrollerande, og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf. pbl § 23-4 andre ledd.

VEDTAK:

«Meland kommune godkjenner søknad om endring av løyve som omsøkt, jf. plan- og bygningslova § 20-1, jf. § 21-4. Plassering av bygg skal vere som vist på vedlagte situasjonskart og oppmålingsdata, journalført motteke 11.9.2018.»

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om endring av gitt tillatelse GBNR 23/528

E-post: Søknad om endring av gitt tillatelse GBNR 23/528

Data på innmålt grunnmur

Gjennomføringsplan

Meland 23_528 grunnmur

Mottakarar:

Byggm Steinar Thunold AS

Sollsmittet 2

5136

MJØLKERÅEN

